



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## RØLDAL SKULE



6/11 – 9/11 2006



## 1 FØREORD

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar ?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

### 2 FAKTA OM SKULEN

Rektor ved Røldal skule er Inger Lise Bratteteig. Ho tok til i stillinga i 2004.

Røldal skule har skuleåret 06/07 74 elevar fordelt på 9 trinn. Dette skuleåret er det ingen elevar på 10. trinn.

I alt er det 20 tilsette ved skulen:

13 pedagogisk personale, 3 fagarbeidarar/assistentar og 4 personar som anna personale (reinhold og liknande).

Elevane fordeler seg slik i gruppene:

Gruppe 1:	9 elevar	Gruppe 2:	3 elevar
Gruppe 3:	4 elevar	Gruppe 4:	9 elevar
Gruppe 5:	6 elevar	Gruppe 6:	17 elevar
Gruppe 7:	8 elevar	Gruppe 8:	9 elevar
Gruppe 9:	9 elevar		

Rektor er har 100% administrasjon. KONTORPERSONELL I 50%. Pedagogisk personale utgjør 9,85 årsverk, fagarbeidarar/assistentar er 1,38 årsverk.

Røldal ligg ca. 40 km frå Odda sentrum. Skulen ligg midt i bygda like attmed idrettsplassen.

### 3 VURDERINGSTEMA

Røldal skule har bede om vurdering på følgjande tema:

#### Arbeidsplan som reiskap for å tilpassa opplæringa

Skuleåret 06/07 har skulen fokus på tilpassa opplæring og arbeidsplanar for elevane samstundes som kunnskapsformidling og læring står sentralt.

1. – 4. trinn har brukt vekeplan i mange år. Dei andre trinna har ikkje brukt arbeidsplan tidlegare.

Før vurderingsveka har alle klassane tatt i bruk arbeidsplan med læringsmål og eigenvurdering.

Skulen har bede om vurdering på eit område der dei har lita erfaring frå før. Dette som eit middel for å få hjelp til å koma vidare.





## Hardanger / Voss kompetanseregion

### Vurderingsgruppa

#### 4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Tema: Arbeidsplan som reiskap for å tilpassa opplæringa

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen prioriterer arbeid med tilpassa opplæring gjennom arbeidsplan	<ul style="list-style-type: none"><li>- Bruk av arbeidsplan er nedfelt i planane til skulen</li><li>- Skulen/trinna har ein felles grunnmal for arbeidsplan</li><li>- Tilsette driv med kollegalæring og erfaringsutveksling innanfor feltet</li><li>- Personalet er opne for endringar</li><li>- Administrasjonen forventar at læraren legg til rette for at elevane får tilpassa opplæring gjennom arbeidsplan</li><li>- Skulen vurderar jamleg verksemda si</li><li>- Skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar</li><li>- Skulen nyttar digital læringsplattform i samarbeidet med arbeidsplan</li></ul>
Elevane er aktive i sin eigen arbeidsprosess	<ul style="list-style-type: none"><li>- Elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen</li><li>- Elevane får planlegga eiga tid og eige arbeid</li><li>- Elevane kan forklara hensikta med det dei gjer</li><li>- Elevane veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla</li><li>- Elevane vurderar eige arbeid</li><li>- Elevane kjenner vurderingskriteria</li><li>- Elevane er motiverte</li><li>- Elevane har fokus på arbeidsoppgåvene</li></ul>
Læraren tilpassar opplæringa gjennom arbeidsplan	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeidsplanane er oversiktelege og lette å skjønna</li><li>- Læraren lagar tydelege arbeidsmål på arbeidsplanen</li><li>- Læraren differensierer arbeidsplanane ved å gi elevane høve til å velja oppgåver etter vanskegrad</li><li>- Læraren differensierer arbeidsplanane ved å gi elevane høve til å velja arbeidsmåte</li><li>- Lærar trener elevane i å evaluera seg sjølv, både fagleg og korleis dei lærer</li><li>- Lærar trener elevane i å disponera tida si</li><li>- Lærarane legg til rette for eit godt læringsmiljø</li><li>- Lærarane arbeider med miljøet i gruppa slik at elevane er trygge på kvarandre</li><li>- Lærarane gir elevane merksemd kvar dag</li></ul>
Arbeidsplanane fungerer som kommunikasjon mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none"><li>- Føresette får informasjon om skulen sitt arbeid med arbeidsplanar som reiskap for å tilpassa opplæringa</li><li>- Føresette er støttespelarar til borna sitt arbeid i læringsprosessen</li><li>- Føresette opplever konferansetimen som nyttig</li><li>- Føresette opplever god dialog om borna si faglege og sosiale utvikling</li><li>- Skulen tar innspel frå heimen på alvor</li></ul>



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

### 5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: Elevar, foreldre, pedagogisk personale og rektor.
- Eksterne: Vurderingsparet  
Rannveig L. Alvsåker, Ullensvang  
Liv Kristoffersen, Eidfjord

Med i vurderinga var og tre hospitantar frå Skuleregion HAFS.

#### Grunngjeving for val av informantar

Tilpassa opplæring gjeld først og fremst den einskilde elev, men læraren vil vera sentral når det gjeld korleis det skal gjennomførast. Foreldre/ føresette vil merka om eleven får opplæring som er tilpassa han/henne.

### 6 TIDSBRUK

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.*

*Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 38	Avtale om møte med rektor og personale. Skulen har meld vurderingstema.	Vurderarar
Onsdag 11.10.06	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde.	Vurderarane / rektor
Veke 41	Forslag til "glansbilde" vert utarbeida	Vurderarar
Fredag 13.10.06	Forslag til "glansbilde" vert oversendt skule	Vurderarar
Veke 42/43	Arbeide med "glansbilde" på skulane. Skulen drøftar kriteria og kjem med evt. Endringar og tillegg. Svar til vurderarane innan 23.11.06.	Rektor
Veke 43	Laga påstandsskjema for elevar 5. til 10. årstrinn. Sendast skulen 24.11.06.	Vurderarar
Veke 43	Svara på påstandsskjema. Utdeling og utfylling av skjema. Retur av utfylte skjema vert sendt vurderarane innan 26.11.06.	Rektor
Veke 44	Scoring av påstandsskjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarar
<b>Veke 45</b>	<b>VURDERINGSVEKE (6/11 – 9/11)</b>	
Måndag 06.11	Møte med klassekontaktar og leiar i FAU kl. 18.00 – 19.00.	Vurderarar Rektor ansvar for innkalling



## Hardanger / Voss kompetanseregion

### Vurderingsgruppa

Tysdag 07.11	Observasjon i gruppene. Intervju med elevar og lærarar.	Vurderarar
Onsdag 08.11	Rektor set opp ein plan for dette og finn høveleg rom.	Vurderarar
Onsdag 08.11 (kveld) og torsdag 09.11	Rapportskriving. Møte med rektor. Framlegging av rapport etter skuletid torsdag 09.11	Vurderarar
Veke 46	Endeleg rapport vert sendt til skulen og til Odda kommune.	Vurderarar
Veke 48	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsgruppa.	Rektor
Haust 07	Rapport, loggskjema, spørjeskjema og observasjonsskjema og samtaleguidar vert lagt ut på regionen si nettside.	Regionen

## 7 METODAR

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av undersøkingar. Det sistnemnde kan vera analysar som skulen har gjort av resultat på ulike nasjonale undersøkingar, når desse er relevante for skulen sitt vurderingsområde.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

### Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Påstandskjemaet pedagogane svarte på er basert på ei webbasert organisasjonsundersøking utarbeidd av Utdanningsdirektoratet i samband med Program for skoleutvikling.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane og leiar i FAU.

### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosisituasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me observerte i alle gruppene.

## **8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET**

### **Motiverte elevar som trivst på skulen**

Elevane seier i sine eigne brukarundersøkingar, våre påstandsskjema og intervjuar at dei trivst og opplever skulekvardagen som trygg og positiv. Skulen ber preg av ein roleg og god atmosfære. Me høyrde ikkje banning, skrik eller skrål i gangar eller klasserom. Det er tydeleg at Røldal skule har eit godt læringsmiljø.

Elevane har fokus på oppgåvene og kjem raskt i gang med arbeidet. Me opplevde roleg og strukturert overgang mellom aktivitetar – spesielt i gruppe 1 – 4 der det var lagt opp til ulike arbeidsformer.

Skulen deltar i Zero-programmet og dette gir resultat. Det viser brukarundersøkinga i programmet – resultatata viser at det er lite mobbing att. Foreldre og elevar seier at det er bra at skulen er ein Zero-skule med null toleranse for mobbing.

Elevane uttrykkjer at dei vert sett av lærar kvar dag og får den hjelpa dei treng.

Me observerte eit tolærarsystem som fungerte slik at faglærar snakka systematisk med ein og ein elev, medan kontaktlærar hjelpte dei som rakk opp handa.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **Store rom som ligg til rette for variert undervisning**

Skulen har store, opne og lyse rom. Dette gjev høve til å innreia romma slik at elevane kan velja ulike aktivitetar og oppgåver som kan gå føre seg parallelt.

Til dømes:

- Gruppebord til samtale og diskusjonar.
- Skjerma arbeidsplassar.
- Krokbar der ein kan arbeida med konkretiseringsmateriell, dramatiseringar, rollespel m.m.
- Plass til pedagogiske spel
- Lyttekrok.
- Plass til datamaskiner.
- Hyller og skap der ein kan plassera materiell som ein kan skifta ut alt etter emnet ein fokuserer på.

Heile det fysiske miljøet, som til dømes gongar, ligg ope for variert bruk.

### **Kunnskapsrike lærarar**

Tal frå Skoleporten viser at Røldal skule har resultat frå eksamen og nasjonale prøvar som ligg over landsgjennomsnittet. Lærarane uttrykte at dei er opptatt av å gi elevane god fagkunnskap. Dei har tru på overlæring.

Elevane seier at dei har flinke lærarar som kan mykje. Elevar frå ungdomstrinnet hadde god oversikt over vurderingskriteria.

### **Variert uteområde**

Uteområdet er inspirerande med m.a. fotballbane, skateboard-rampe og leikeapparat.

Me forstår at det varierte nærmiljøet vert nytta til fysisk aktivitet og undervisning gjennom heile året.

I staden for fast utedag har skulen no ei haust-, vinter- og vårveke med ulike aktivitetar.

### **Digital infrastruktur**

Skulen har ein stor maskinvarepark; 3,8 elevar per maskin. Mediateket er godt utrusta med ni maskiner, lærarstasjon og prosjektør. I tillegg var det ein prosjektør på eit anna undervisningsrom. Det står nokre datamaskiner i nesten alle klasseromma. Alle tema disponerer kvar sitt digitale kamera.

Skulen nyttar den digitale læringsplattformen It's learning. Lærarane samarbeider om t.d. arbeidsplanane på felles server (Citrix).

Røldal skule gjennomfører Odda kommune sin IKT-plan.

Det er høg IKT-kompetanse i personalet.

Neste gang me kjem til Røldal ser me ikkje vekk frå at skulen har tatt i bruk smartboard (interaktiv tavle).



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **Bevisst bruk av læringsarenaen**

I romma til gruppe 1 – 4 var læringsmåla tydeleg visualiserte.

Me såg at det som hang på veggane var i samsvar med måla på arbeidsplanen.

Dette er nokre andre døme som synte bevisst bruk av læringsarenaen:

- Aktuelle bøker som var slått opp på sider med utfyllande stoff.
- Bokstavar i modellkitt på kvar pult.
- Øveord for veka.
- Frukt frå Sri Lanka (lukt og smak).

### **Skulen som lærande organisasjon**

Skulen fungerer på fleire område godt med omsyn til det å vera ein lærande organisasjon.

Skulen har gode rutinar og strukturar når det gjeld å drøfta resultat frå kartleggingar og brukarundersøkingar og agerer på desse. Lærarane seier gjennom påstandsskjema at dei brukar kunnskap om elevane sin faglege ståstad for å tilpassa undervisninga til den einskilde.

Odda kommune har balansert målstyring. Røldal skule har eigne styringskort. Rektor uttrykkjer at dette er ein betre reiskap enn dei gamle verksemdsplanane. Kortet er meir oversiktlege å bruka. Resultat frå brukarundersøkinga til foreldra, elevundersøkinga og medarbeidarundersøkinga vert brukt til å evaluera styringskortet kvar vår.

Røldal skule har ein tydeleg leiarskap som lyttar og bryr seg om personalet samstundes som ho har klare visjonar om endring og utvikling. Rektor har rutinar for informasjonsoverlevering; kvart skuleår får lærarane kvar sin perm med oversikt over rutinar og reglar som gjeld for skulen. Mange lærarar gav uttrykk for at rektor følgjer med på arbeidet deira.

### **Røldal skule har "alt"!**

Sitat frå foreldremøtet.



## **9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET**

### **✚ Setja av tid til kollegalæring og erfaringsutveksling**

I team og ikkje minst på tvers av teama er det viktig å setja av tid til felles diskusjonar og erfaringsutveksling med tanke på å vidareutvikla arbeidsplanane.

Me har tru på at dette er viktig for å koma vidare i pedagogisk utviklingsarbeid.

### **✚ Vidareutvikling av arbeidsplan**

Det er flott at Røldal skule frå i haust har tatt i bruk arbeidsplan på alle trinn. Lærarane er vorte einige om å ta utgangspunkt i ein felles mal.

Me ser likevel at det er fleire punkt som kan utviklast vidare.

- Utforma læringsmåla slik at dei vert konkrete og målbare.
- Differensiera vanskegrad, mengd, arbeidsmåtar og læringsstrategiar.  
*"Læringsstrategier er framgangsmåte elevene bruker for å organisere sin egen læring. Det er strategier for å planlegge, gjennomføre og vurdere eget arbeid for å nå læringsmål. Det innebærer også refleksjon over nyervervet kunnskap og anvendelse av den i nye situasjoner".*  
*(Prinsipper for opplæringen, Kunnskapsløftet, 2006)*
- Viska vekk det store skiljet mellom heimearbeid og skulearbeid, dvs. vekk frå lekser frå dag til dag. Elevane må få mogelegheit til å planleggja arbeidet sitt i større grad (sjå punktet om arbeidsmåtar). Dette må sjølvstilt tilpassast årstrinna...

### **✚ Eigenvurdering på planen**

Arbeidsplanane har system for eigenvurdering i form av avkryssing i tre grader for meistring. Kriteria for eigenvurderinga må hengja nøye saman med læringsmål som er konkrete og målbare.

Kollegiet er i gang med diskusjonar om korleis ein skal bruka denne eigenvurderinga. For at dei yngste elevane skal forstå og læra, er det naturleg å evaluera munnleg i klassane i starten, slik dei gjer no. Etter kvart vil elevane kryssar sjølv.

Avkryssinga forpliktar til ein samtale med kvar enkelt elev for å utvikla evna til å vurdere seg sjølv. Her har Røldal skule gode føresetnader til å finna tid til dette, i og med at det ofte er to vaksne på gruppene. Eldre elevar som kryssar sjølv må få kompetanse i eigenvurdering. Dette kan til dømes vera loggskriving.

Det læraren får vita gjennom eigenvurderinga må bli brukt til å laga tilpassa arbeidsplanar både på nivå, mengd og arbeidsmåtar, og eventuelt må lærar vera open for å endra på eigen praksis.



## **Hardanger / Voss kompetanseregion**

### **Vurderingsgruppa**

#### **Arbeidsmåtar**

Skulen har starta å nytta arbeidsplanar. Arbeidsplanar opnar opp for å ta i bruk ulike arbeidsmåtar. 1. - 4. årssteg nyttar varierte arbeidsmåtar, men her har ein eit utviklingspotensiale i 5. - 9. årssteg. Elevane bør få opplæring i ulike arbeidsmåtar, slik at dei vert kompetente til å gjera tenelege val. Det handlar om å verta kjent med seg sjølv og trygg på egne evner. Alle lærer ikkje på same måte. Det bør setjast av fast tid der elevane kan nytta varierte arbeidsmåtar til arbeidet med planen på skulen. Her bør elevane også få velja fag/oppgåve.

*"Elevmedvirkning innebærer deltakelse i beslutninger som gjelder egen og gruppens læring. I et inkluderende læringsmiljø er elevmedvirkning positivt for utviklingen av sosiale relasjoner og motivasjon for læring på alle trinn i opplæringen. I arbeidet med fagene bidrar elevmedvirkning til at elevene blir mer bevisst egne læringsprosesser, og det gir større innflytelse på egen læring".*

*"Alle elever skal i arbeidet med fagene få møte utfordringer de kan strekke seg mot, og som de kan mestre på egen hånd eller sammen med andre. Det gjelder også elever med særlige vansker eller særlige evner og talenter på ulike områder. Når elever arbeider sammen med voksne og med hverandre, kan mangfoldet av evner og talenter bidra til å styrke både fellesskapets og den enkeltes læring og utvikling".*

(Prinsipper for opplæringa, Kunnskapsløftet 2006, side 3 og 4)

Skulen er god på etterprøving av kunnskap gjennom bruk av skriftlege prøvar, men det finst også andre måtar.

Til dømes:

- Elevane framfører munnleg
- Elevane lagar spørsmål til kvarandre i par
- Elevane lagar loopar
- Elevane lagar PowerPoint-presentasjonar
- Dramatiseringar og rollespel
- Intervju lærar/elev
- Elevane lagar spel

#### **Bevisst bruk av læringsarenaen**

Dei fleste veggane var tomme eller lite bevisst brukt frå trinn 5 til trinn 9.

I alle romma fann me timeplan, men det kunne godt ha vore ein detaljert tidsplan eller tydeleg plan for dagen. Det gir struktur og er forutsigbart, noko som er heilt avgjerande for einskilde elevar. Spesielt viktig er dette jo yngre elevane er.

I nesten ingen rom på trinn 5 - 9 vart veggane brukt slik at elevane fekk ei visuell påminning av kva dei skal læra. Det bør vera ein nøye samanheng mellom det som vert hengt opp og det som er læringsmåla, jfr. romma til gruppe 1 - 4.



**10 VIDARE ARBEID ETTER NOVEMBER 2006**  
**RØLDAL SKULE**

**OPPSUMMERING**

Skulen er i gang med eit svært viktig område innan tilpassa opplæring. Å bruka arbeidsplan er nyttig i arbeidet med differensiering, læringsmål og eigenvurdering.

I påstandsskjema scorar personalet svært høgt på at dei har gode mogelegheiter til å gjennomføra endringar i undervisninga. Dette inntykket sit og me vurderarar att med etter å ha vore på skulen desse dagane.

Lukke til med det vidare arbeidet!

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Røldal, 09.11.06

Rannveig L. Alvsåker  
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Liv Kristoffersen  
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss



**VEDLEGG:**

**Påstandsskjema for elevar**

**Vurderingstema: Arbeidsplan som reiskap for å tilpassa opplæringa**

Eg går i 5.  6.  7.  8.  9.  10.  (sett kryss)

Påstand	Ueinig					Einig 5
	1	2	3	4		
Eg trivst på skulen						
Eg likar å læra noko nytt						
Eg veit kva arbeidsplan er						
Eg likar å ha arbeidsplan						
Eg har arbeidsplan med læringsmål						
Eg veit kva eg skal læra kvar veke						
Eg veit alltid kva eg har i lekse						
Eg arbeider ofte med data på skulen						
Eg har skulearbeid som er passe vanskeleg for meg						
Læraren spør meg korleis eg tenkjer når eg til dømes løyser ei matematikkoppgåve						
Eg snakkar med læraren om kva eg skal læra						
Eg fortel til læraren kva eg synest om arbeidet mitt						
Læraren seier når eg har gjort noko bra, og han seier når eg må arbeida meir med noko						
Eg får hjelp når eg treng det på skulen						
Eg får hjelp når eg treng det heime						
Eg får arbeidsro i timane						
Eg er trygg på dei andre i gruppa mi (klassen)						
Eg får merksemd av læraren kvar dag						
Eg har hatt førebudd elevsamtale med kontaktlæraren min						



## Påstandsskjema for pedagogar

### Vurderingstema: Arbeidsplan som reiskap for å tilpassa opplæringa

Eg underviser på småsteget   
 Eg underviser på mellomsteget   
 Eg underviser på ungdomsteget

<b>Bruk av kvalitetsvurdering</b>	<b>Ueinig 1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>Einig 5</b>
Medarbeidarar og leiing drøftar resultatet frå elevundersøkinga					
Resultat frå kartleggingsprøvar vert drøfta av lærarar og leiing					
Resultat frå elevundersøkinga vert drøfta i elevråd og FAU					
Resultata frå elevundersøkinga vert brukt som utgangspunkt for endringar av undervisningspraksis på denne skulen					

<b>Tydeleg pedagogisk leiing</b>	<b>Ueinig 1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>Einig 5</b>
På denne skulen er det vanleg at leiinga gir lærarane tilbakemelding om det pedagogiske arbeidet					
På min skule er det vanleg at leiinga rosar lærarane som gjer ein god jobb					
Ved denne skulen er det vanleg å drøfta pedagogiske spørsmål med leiinga					
Leiinga ved skulen sørgjer for at vedtatte endringar vert gjennomført					

<b>Organisasjon</b>	<b>Ueinig 1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>Einig 5</b>
Eg har sjølv mogelegheit til å bestemma korleis eg skal utføra det pedagogiske arbeidet mitt					
Medarbeidarar og leiing deler oppfattingar av kva som er hovudoppgåva for denne skulen					
Leiinga ved skulen tar omsyn til vurderingane mine når det vert sett i gang tiltak som påverkar arbeidet mitt					
Leiinga ved skulen tar i bruk min spesielle kompetanse når oppgåver vert utført					
Leiinga ved skulen vår lyttar til konstruktiv kritikk					

<b>Mobilisering av kompetanse og ressursar</b>	<b>Ueinig 1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>Einig 5</b>
Når eg tenkjer tilbake på den siste eksterne opplæringa (kurs e.l.) eg deltok i,					
- vil eg seia at ho var godt tilpassa dei faglege behova slik eg opplever dei i kvardagen					
- vil eg seia at eg tok denne opplæringa mest ut frå eige ynskje					
- gjennomførte eg opplæringa saman med andre lærarar frå denne skulen					
Skulen vår hentar jamleg erfaringar og gode arbeidsmåtar av andre skular					
Eg følgjer med i utvikling av nye undervisningsmetodar og annan fagleg utvikling					



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Endringskapasitet	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
På denne skulen har me gode mogelegheitar til å gjennomføra endringar i undervisninga					
Skulen vår er godt rusta til å møte utfordringane i Kunnskapsløftet					
Lærebøkene legg sterke føringar for korleis eg legg opp undervisninga					
Forbetringar i skulen sin undervisningspraksis krev så mykje samarbeid mellom lærarane at dei sjeldan vert gjennomførte					
Me brukar så mykje tid og krefter på einskildsaker at me ikkje har overskot til å gjennomføra forbetringar som kjem alle elevane til gode					
Hyppe endringar dei siste åra gjer oss lite motiverte til vidare endring					

Ambisjonsnivå	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Eg brukar kunnskap om elevane sin faglege ståstad for å tilpassa undervisninga til den einkilde elev					
På skulen vår er me opptatt av korleis me kan gi dei noverande elevane våre eit fagleg løft					
På denne skulen vert det forventat at både sterke og svake elevar får tilbakemelding om forbetningsområda sine					

Samarbeid og kvardagslæring i kollegiet	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
I løpet av ein vanleg arbeidsdag ver eg som regel spurd om pedagogisk råd eller hjelp frå andre lærarar på denne skulen					
Lærarane på denne skulen tar seg ofte tid til å diskutera korleis arbeidsmåtane kan forbeistrast					
Det er vanleg å gi kvarandre ærlege tilbakemeldingar på denne skulen					
På skulen min er det vanleg at medarbeidarar rosar kollegaer som har gjort ein god jobb					
Lærarane på denne skulen er ofte til stades i kvarandre si undervisning					
Lærarane på denne skulen samarbeidar ofte om fagleg tilbakemelding til elevar					
Lærarane på denne skulen samarbeidar om å halda oversikt over den faglege utviklinga hjå felles elevar					
Lærarane på denne skulen brukar ofte fellestida til å drøfta korleis vanlege hjelpemiddel (t.d. malar for felles arbeidsplanar, gjennomføring av elevsamtalar) kan beistrast					

Forvaltning av staben sin kunnskap	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Nye arbeidsmåtar som kan vera nyttige for heile skulen vert vanlegvis formidla til alle kollegaer					
Skulen sine felles malar for arbeidsplanar, elevsamtalar og liknande gir lærarane ein god del av den informasjonen dei treng for å gjera jobben					
Verdifull kunnskap vil gå tapt dersom dei mest erfarne lærarane sluttar på denne skulen					
Nyutdanna lærarar får som regel råd og tips av kollegaer i klasseleiing, skule-heim-samarbeid, elevvurdering og liknande					
Lærarane ved denne skulen har oversikt over ressurspersonar dei kan spørja om råd og hjelp					



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Lærings- og endringsresultat	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Når eg tenkjer tilbake vil eg seia at i løpet av det <i>siste året</i> har eg gjennomført forbetringar i måten					
- eg leiar ei gruppe elevar					
- eg samhandlar med elevar i undervisninga					
- eg samarbeidar med andre lærarar med same gruppe på same trinn					
Når eg tenkjer tilbake vil eg seia at i løpet av dei <i>siste par åra</i> har denne skulen					
- vorte klart betre til å gjennomføra kvalitetsvurderingar					
- fått gode rutinar i å gjennomføra endringar					
- vorte betre rusta til å møta utfordringane i Kunnskapsløftet					
- gjennomført endringar i organisering av skulekvardagen som fremjar forbetra pedagogisk praksis					

### INTERVJU ELEVAR

SPØRSMÅL
Sei noko som er bra om Røldal skule
Korleis brukar de arbeidsplanen? Er arbeidsplanen lett å skjønna?
Kva er eit læringsmål (kompetansemål)?
Kva gjer du for å nå læringsmåla?
Sei litt om ulike måtar å arbeida med eit emne. (Hugsa å spørja om databruk)
Korleis lærer du best?
Kva lærer du om deg sjølv når du kryssar av på eigenvurderinga?
For ungdomstrinnet: Korleis veit du kva læraren ser etter når han rettar ein prøve? Vurderar læraren berre rett svar? Er det andre ting enn rett svar som tel? Korleis veit du evt. dette?
Kva meiner du at du kan vera med å bestemma?



## INTERVJU PEDAGOGAR

<b>SPØRSMÅL OG SVAR</b>
Korleis gir leiinga ved skulen lærarane tilbakemelding om det pedagogiske arbeidet deira?
Korleis går kollegalæring og erfaringsutveksling føre seg?
Korleis opplever du administrasjonen sine forventningar til deg når det gjeld bruk av arbeidsplan?
Korleis samarbeider lærarane om å laga arbeidsplan til den einkilde gruppa?
Korleis vil du bruka elevane si eigenvurdering på planen?
Korleis brukar du læringsmål?
Korleis vil du involvera elevane i læringsprosessen deira?
Kva kan elevane oppnå ved innføring av arbeidsplan?
Korleis har elevane tatt i mot det å arbeida med arbeidsplan?
Kva kan du få av pedagogisk gevinst ved å innføra arbeidsplan i gruppa?
Korleis tenkjer du å differensiera på arbeidsplanen?
Korleis får elevane trening i å evaluere seg sjølv, både faglig og korleis dei lærer?
Korleis kan føresette vera støttespelarar til borna sitt arbeid i læringsprosessen?



**SAMTALE MED KLASSEKONTAKTAR OG LEIAR FAU**

<b>PÅSTANDAR</b>
Sei noko som er bra med Røldal skule
Informasjonsflyten mellom skule og heim er god
Føresette får informasjon om skulen sitt arbeid med arbeidsplanar som reiskap for å tilpassa opplæringa
Føresette er støttespelarar til borna sitt arbeid i læringsprosessen
Føresette opplever konferansetimen som nyttig
Føresette opplever god dialog om borna si faglege og sosiale utvikling
Skulen tar innspel frå heimen på alvor